

Rutine for varsling i saker som omhandlar trygt og godt skulemiljø Bore skule

Å varsle er ein av dei 5 delpliktene.

Alle som arbeider/ utfører arbeid på Bore skule skal så raskt som mogleg varsle rektor dersom ein får kjennskap til eller mistanke om at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.

Ein kan få kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø frå t.d. samtalar med elevar og/ eller foreldre, meldingar frå foreldre, foreldre «trykkar på mobbknappen» (melding går direkte til rektor), tilbagemeldingar i undersøkingar som t.d. Klassetrivsel.

Ein kan vidare få mistanke om at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø gjennom t.d. aktivitet i sosiale media, basert på eigne observasjonar av krenkjande åtferd, åtferdsending hjå eleven, ulike signal frå eleven mm..

Alvorsgrad i saka seier noko om kor raskt ein skal varsle rektor. Ein må vurdere om ein kan vente til t.d. etter undervisning, eller om ein må varsle straks.

Rektor skal i alvorlege tilfelle varsle skuleeigar. Dette kan t.d. omhandle vald, fleire elevar mot enkeltelev, digital mobbing t.d. på tvers av skular, eller saker som har vart i lang tid.

På Bore skule varslar me slik:

- Når ein tilsett får mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt, skal dette varslast til rektor same dag ved å fylle ut «**Varslingsskjema for tilsette i skulen**» som ligg på Teams.
- Når ein tilsett får mistanke eller kjennskap til at ein vaksen utøvar/ har utøvd krenkjande åtferd overfor ein elev, skal rektor varslast snarast. Rektor varslar vidare skulesjef. Fyll ut skjemaet «**Varslingsskjema kap 9a-5**»

Dokumenter > General > Trygt skulemiljø > **VARSLING OM KRENKJANDE ÅTFERD**

Etter varsling til rektor blir varselet arkivert, og rektor/ avdelingsleiar sender ut melding til involverte tilsette som skal starte undersøking.

